



Referat møte i Team Hardanger (TH)

Tysdag 28.11.2023, kl 10.00 - 14.00, Møterom Hardangerrådet iks, Kinsarvik

Møtte: Mona Hellesnes, Ulvik herad - leiar
Jan Tjosås, Kvam herad
Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune
Mina Evjen, Hardanger og Voss Næringshage
Sveinung Føllesdal, Næringshagen i Ullensvang
Administrasjon Hardangerrådet Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

Ikkje møtt: Randi Rykkje, Ullensvang kommune
Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord

Gjester: Kaia Finne, Voss herad, Kine Vikse og Linda Hovland, Framtidsfylket

10.00 - 13.30	Rekruttering i Hardanger og Voss
13.30 - 14.00	Team Hardanger

Sakliste

1. Rekruttering i Hardanger og Voss

Prosjektleiar refererar

2. Status frå kvar kommune, næringshagane og Visit Hardangerfjord

Eidfjord:

Rekruttering og mange tilsettjingar.

Oppfølging for bedrifter som treng hjelp, eller har fått hjelp.

Folkevalgt opplæring og budsjett.

Kvam:

Kvam/ Jon Fosse har fått Nobelpris! Kva betyr dette for heradet? Har mange idear og arbeider med saka.

Stor endring i økonomi - frå stort overskot til stort underskot.

Arbeide med ny vidaregåande skule i Norheimsund har fysisk starta!

Næringshagen Hardanger og Voss:

Samarbeidsprosjekt med Ullensvang og Kvinnherad - i det offisielle næringshageprogrammet fortset.

Held på å ansetta nye medarbeidarar

Budsjett skal leverast no.

Har mange arrangement og faste ting.

Gjennomførte "Makroseminar" på Hangurstoppen med over 100 deltakarar i sist veke.

Framtidsfylke:

Trainee er deira viktigast arbeid no, og skal igang med ein landsomfattande kampanje.

[Karrieremesse](#) i Grieghallen 13.februar 2024. Sjå linken for meir informasjon.

Voss:

Tar tak i arbeid med bustad, transport, rekruttering, dei eldre. Må løysa overordna dilemmaer og sjå det store bildet.

Arbeider saman med ulike klynger på Voss, f.eks - reisliv.

Arbeider med etablering og finansiering av klynga "Sirkulære Voss".

Litt bekymra for Vestland si framtid - for stor innvandring i små kommunar kan gje eit trykk som veltar lasset.

Oppfordrar alle til å be om fellesmøte med Skyss - må få betre løysingar for lokal transport.

Innspeil frå leiar TH:

Det er veldig viktig at me står opp for våre krav g forventingar til fylke når det gjeld offentlege tilbud i distriktet vårt og "turistbåtruta". Oppfordrar Hardangerrådet til å reisa til Bergen og be om møte!

Ulvik:

Felles reiselivsprosjekt arbeider med å auke kompetanse og lenger sesong.

Kartlegging av ro og padleruter er eit fellesprosjekt for Ulvik og Eidfjord, med mål at dei vert lansert i ein nasjonal app.

I full gang med reguleringsplan for sentrum - dette tek tid.

Fagskule på Hjeltnes veks og er veldig viktig for Ulvik, og regionen vår.

Nytt får januar 2024 er ei Pomellierutdanning. Dei satsar også på

Gastronomisk turisme frå hausten av - og eit frukt og bær studium i samarbeid med Bø i Telemark.

Næringshagen Ullensvang:

Rekrutteringsprosjekt arbeider dei mykje med.

Veit at Ullensvang har gjeve midlar frå kraftfondet til Nasjonalt frukt og sidersenter.

Arbeider med rekruttering av ny dagleg leiar og medarbeidarar.

3. Innmeldte saker

Ingen innmelde saker

Referent Trude Rinaldo